



Arkivnr: 2017/17596-31

Saksbehandlar: Elizabeth Warren, Erlend Hofstad, Roald Landøy, David Aasen Sandved

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2018

### Tilskot til verna kulturminne i Hordaland 2018

#### Samandrag

Ordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikre kulturminne som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Generelt:	
Budsjett 2018	2 000 000 kroner
Søknadsfrist 2018	1. januar 2018
Vedtak kriteria	KIRU: <a href="#">PS 22/2017</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

Søknader 2018:	
Tal på søknadar:	16 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	16 søknadar
Samla søknadssum:	3 189 244 kroner
Tilrådd til fordeling:	2 000 000 kroner

#### Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Tilskot til verna kulturminne i Hordaland er ei ny ordning som avløyser den gamle tilskotsordninga til vern og vøling av kulturminne. Den tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne som er prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Hovudgrep i endringa er at det er kommunen som søker fylkeskommunen om midlar og ikkje ein skilde eigara av kulturminne. Eigara av kulturminne søker gjennom kommunen. Fylkeskommunen ynskjer med dette å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunane sine kulturminneplanar og prioritere verneverdige kulturminne av regional verdi. Kommunar som har vedtatt kulturminneplan og etablert tilskotsordningar for kulturminnetiltak er prioriterte, saman med kulturminne av regional verdi.

Ettersom dette er ei ny tilskotsordning som involverer samarbeid og tilpassingar med kommunane, vart søknadsfristen utvida frå 1. november til 1. januar. Vi har òg tillate alle kommunane som har starta opp arbeidet med kulturminneplan å söke, sjølv om kulturminneplan ikkje er vedteken. Kommunar som har vedtatt kulturminneplan er prioritert i tildelinga.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett.

**Klima:** Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - flere gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordningar er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR .

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver kr 2.000.000,- over budsjettpost 400.650.01 slik:

	kommune	Tilråding
1	Austevoll	25 000
2	Fitjar	270 000
3	Fusa	75 000
4	Jondal	115 000
5	Kvam	30 000
6	Meland	110 000
7	Osterøy	150 000
8	Radøy	250 000
9	Stord	165 000
10	Sund	25 000
11	Sveio	175 000
12	Tysnes	80 000
13	Ullensvang	30 000
14	Vaksdal	150 000
15	Voss	300 000
16	Øygarden	50 000
		<b>2 000 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

- 1 Omtale av søknadene
- 2 Retningslinjer - Tilskot til vern av kulturminne i Hordaland 2018